



ÅRSMELDING

2014

FOR IDRETTSLAGET TRIO



ÅRSMELDING 2014

Hovudstyret:

Arne Torget, leiar (for 1 år)
Svein Røyrvik, nestleiar (attval, for eitt år)
Egil Jacobsen, kasserar (attval, for to år)
Knut Årthun, sekretær (attval, for eitt år)
Eivind Nissestad (ny, for eitt år) styremedlem

Arne Torget har fungert som leiar i friidrettsgruppa
Tor Jørgen Sætrevik, leiar i fotballgruppa
Eirik Sævareid, leiar i volleyballgruppa
Anne Margrethe Vangnes, Leiar i Turngruppa
Børje Gudding, leiar i symjegruppa
Runar Blokkhus har møtt i styret for Triohuset

2014 har vore eit travelt år for Trio. Husnes Stadion er ferdigstilt med opprusting av løpebane og ferdigstilling av turløypa. Det har vore ein makalaus dagnadsinnsats, og me har no fått eit idrettsanlegg som ligg som eit smykke, og er til glede for alle lagets 876 medlemmer og 1000 elevar på skulane som ligg kring anlegget. Husnes Stadion er hovudanlegg for friidrett for Kvinnherad.

IL Trio har ein sunn og trygg økonomi, og det er god aktivitet i gruppene, noko årsmeldingane frå dei einskilde gruppene syner. Det er og klart at laget lir av manglande hallkapasitet. Det er grupper som ikkje får treningstid inne, det er sprengt kapasitet i Husneshallen og i alla gymsalar i bygdene. Det må jobbast for å få utvida Husneshallen.

Gåver:

Trio fekk i mai 50.000 til friidrettsutstyr av Kvinnherad Energi si årlige tildeling
Trio fekk vel 30.000 til friidrettsutstyr etter Tjerand Lunde sin 80-årsdag
Trio fekk 160.000 til friidrettsutstyr frå Sparebank1 stiftinga i oktober

Generelt er det ei utfordring å få folk til å ta på seg verv i laget og gruppene. Trio er blitt så store, at det er naudsynt med lønna stilling for administrativt arbeid for å avlasta gruppene og utvikla klubben.

Styret vil takka alle medlemer, trenarar, leiarar og tillitsvalde for godt utført arbeid i 2014. Heia Trio!

Husnes 14.03.2014

For styret



Arne Torget

Leiar

Årsmelding Trio fotball 2014

Styret har vore samansett slik

Tor Jørgen Sætrevik - Leiar og økonomi

Eivind Nissestad - Materialforvaltar

Jamal Soosainather - Barne og ungdomsfotball Annlaug Løegreid - Dame/jentefotball Terje Bru

Markhus - A-lag

Medlemsantal i fotballgruppa i 2014 har vore omlag 440 stk

Forutan styret har Siw Olaug Eikenes, Hanne Larsen og Are Ulseth vore primus motorar for årets Husnes Cup.

Einar Herskedal har gjort ein veldig flott jobb med årets Triolotteri.

Året 2014 :

Generelt:

I juni kunne me ta i bruk den nye flotte Husnes Stadion. Det var ein etterlengta arena og treningsareal. Me er framleis pressa på nok plass til alle laga våre, då særskilt på haust og vinter når Kvednabekkjen må delast mellom alle aktive. Me ventar i stor spaning på områdeplanen for grusbanearealet, som er venta til våren. Håpet er å raskt kunne komme igang med arbeidet med nytt kunstgrasareal. Den nye flotte Valeparken er og teken i bruk, og vil formodentlig avlaste Kvednabekkjen litt. Me håpar og at me snart får flytta brakkeriggen til området vårt. For å løyse dette på permanent vis i, ein eingong, er me avhengige av den samme områdeplanen. Når brakkene er satt opp har me store forventningar til at det vil lette arbeidet både med treningskvardagen, men og det å arrangere kamper/cupar.

Me har gjort ei forholdsvis stor investeringar i form av egen minibuss. At me gjekk til det skritt å kjøpe egen buss, fall saman med at det lokale leigetilbudet forsvann. Uavhengig av dette har me store forhåpningar til at denne investeringa vil komme oss tilgode. Å få reiseutgifter betraktelig ned vil hjelpe på utgiftssida.

Garderobane i Triohuset har fått ein stor oppgradering, og framstår som nye og moderne. Fliser på vegg og gulv er erstatta med nytt golvbelegg. Økonomisk vart dette ei tredeling mellom fotballgruppa, hovedlaget og Triohuset På utstyrsfronten har G19 samarbeidet mellom Rosendal, Halsnøy og Trio fått nytt drakt og overtrekkssett. Det har og blitt erstatta nokon sett, samt komplimentert allerede eksisterande sett.

Forbruksmateriell går det mykje av, og styret meiner det er rom for å ivareta det utstyret me har i ein enda betre grad. Her må me være lojale mot klubben vår i tanke og handling.

Me er mange deltagande i fotballfamilien Trio. Mange gjer ein stor innsats for at me skal ha eit tilbod til alle unge som er glad i fotballen.

Likefullt må me gjere grep for ikkje brenne ut dei som ofrar fritid for å få dette til.

Noko større styresamansetning er neppe nødvendig, men eit større og meir oppdelt underapparat kunne vore til stor hjelp for å løse sesongane i havn.

Eit underapparat med klart definerte oppgåver og roller Her kjem og eit hjertesukk. Me er så mange ulike involverte at det å være enige om alt, vil nesten være utopisk. Men skal me få ting gjort, må me sameinast om noko. Kva som skal gjerast, blir er ei sak for styret, Det er derfor me har eit styre. Når

så eit styre informerer om sine vedtak, så er det gjeldane agenda. Dette er heilt avgjerande organisasjonsstruktur.

Me som styre har ingen forventningar om at alle i fotballfamilien skal være einige frå sak til sak. Men om ikkje styret sitt budskap blir prøvd etterlevd, kan verken styret bli bedømt ei heller vil ein kunne finne årsaker for enten positiv eller negativ utvikling. I veien fram mot eit vedtak, så vil, basert på styret sin arbeidsmåte foregåande år, alle involverte få fram sitt syn, og tatt med i diskusjonane fram mot konkludering.

Sportslig:

A-laget har hatt ein sesong kor dei låg å sirkla rundt ein pall plass. Me hadde eit trenarbytte midtvegs i sesongen då Lars Johan Myklebust fekk eit tilbod frå Belgia. Inn kom Kjell Magnar Eide som har vore ein del av Trio familien i ei årekke. Spelarstallen har vore rimelig stabil med nokre nye navn inn på haustparten. Basert på fine resultat i haustsesongen, er forhåpningar om enda nokre hopp opp på tabellen, tilstades i kommande sesong.

Me har hatt et lag (J16) representert i Dana Cup. Der gjorde dei ein god figur og fekk ei oppleving for livet. Resultata ellers i sesongen har og vore sterke, førsteplass i si pulje, ikkje skal ein gløyme G19 sin tur til Norway Cup. Utrulig kjekt å bli vist på riksdekkande fjernsyn.

G12 (som har spelt i G13 klassen) gjorde sine saker veldig bra og avslutta sesongen med sluttspelkampar om kretsmestertittelen. Her vart Brann og Bremnes for sterke, men det tar ingenting frå prestasjonen til laget. Det blir spennande å følge utviklinga til denne flotte gjengen.

G14 (Samarbeidslag med Halsnøy IL) har og lagt bak seg ein flott sesong.

Det er mange aktive i denne aldersgruppa, og me stiller tre lag på dette trinnet. Høydepunktet må være at ein nådde kvartfinale i Norway Cup. Det var heller ikkje mykje om å gjere at laget kom enda lenger. Det er lenge sidan, om nokon gong, at ein kan skilte med slike resultat i denne turneringa.

Trio si fotballgruppe består av mange lag. I sesongen 2014 har vi totalt 36 fotballag i aksjon. A-laget på herresida spelar i 4.divisjon (avd 1). I tillegg til juniorlag på gutesida, har vi i ungdomsklassane 10 lag (6 stk 11ar). Barneavdelinga består av 24 lag, 6 i lilleputt og 18 i mini.

For deira resultat og statistikkar henviser eg til nettsida vår.

Me har for tida ingen dommarkontakt i Trio. Men det vart arrangert klubbdommarkurs på vårparten med 23 påmelde frå klubben vår. Dette er eit viktig arbeid for å greie å rekruttere fleire som kan utvikle seg til å bli dommarar. Jo fleire som kjem frå eigen klubb, dess betre. Me må ikkje gløyme kor viktig dommargjerningen er og at me som tillitsmenn og kvinner i klubben oppfordrar unge til å utforske denne rolla.

Husnes Cup var nok eingong ein stor suksess, med rekordmange påmelde lag.

Det er eit utrulig viktig og flott arrangement me har, og den dugnadsånd som blir vist før, under og etter desse dagane i august, viser klubben frå si beste side. Tilreisande rosar opplevelsen og kjem att år etter år. Økonomisk er det og ein viktig bidragsytar for å drifte og utvikle Trio vidare

Styret hadde som mål for sesongen 2014, å få opp ein felles treningsøvelse base og ein meir samkjørt treningsmåte/kultur. Dette har me ikkje lukkast med, men vil prøve å nå dette iløpet av kommande sesong. Og det å ha eit trenarforum vil være noko ein vil søke å få til.

Leiar Tor Jørgen Søtrevik

ÅRSMELDING IL TRIO VOLLEYBALL 2014

Styret i IL Trio Volleyball har i 2014 bestått av følgjande personar :

Eirik Sævareid (leiar)
Einar Opdal (nestleiar)
Javier Araya
Tone Merete Lillesletten
Randi Elisabeth Bjelland

Det har vore avholdt styremøter ca. annakvar måned gjennom året. Styret har koordinert den sportslige aktiviteten i gruppa, jobba med inntektsbringande tiltak samt hatt som intensjon å utvikla volleyballgruppa vidare. Ambisjonen er å bygge opp eit tilbod til alle alderstrinn, i tillegg til at både junior- og seniorlaga skal markera seg med gode sportslege resultat i Hordaland. Samarbeidet i styret har fungert bra, men ser ein på gruppa som heilhet skulle vi gjerne hatt fleire personar som er villig til å ta på seg større og mindre oppgåver. Mellom anna gjeld dette marknadsarbeidet då det her heilt klart ligg eit potensial utover det som gruppa utnyttar per i dag.

Sportslig var sesongen 2013-2014 ein sesong med fokus på rekruttering og bredde framfor resultat. Damelaget i 1.divisjon havna på nedrykksplass, ein fekk likevel tilbod om å halde fram i 1.divisjon, men dette var ikkje aktuelt grunna tilfredsstillande sesong for Volleyballgruppa. Damelaget klarte å halde plassen i 1.divisjon. Trio 2 damer rykka opp frå 2.divisjon sesongen 2012-2013, men også dette laget kom dessverre på nedrykksplass. Sesongen 2014-2015 stiller Volleyballgruppa eitt damelag i 2.divisjon då ein ikkje hadde tilstrekkelig antall spelarar til å stille to seniorlag. Gruppa stiller heller ikkje i sesongen 2014-2015 seniorlag på herresida.

For laga i dei aldersfastsette klassane var det også i sesongen 2013-2014 fokus på langsiktig oppbygging. Rekrutteringa på jentesida er brukbar, medan det er svak interesse for volleyball på gutesida.

Volleyballgruppa har som mange andre ein utfordring med å skaffe inntekter. Gruppa har ein trygg økonomi utan gjeld. I perioden gruppa hadde lag i 1.divisjon var det relativt høge reisekostnader. Dette vart finansiert i stor grad gjennom at gruppa utfører dugnad i form av mellom anna tilsynsvakt i Husneshallen.

1.divisjon damer

Laget endte sesongen 2012-2013 på 12.plass av 14 lag i divisjonen, ein visste på førehand at også sesongen 2013-2014 ville bli tøff. Ein lyktes ikkje å styrke stallen i særleg grad før sesongen, det har heller ikkje vore tilgang på mange nok eigne juniorspelarar som held tilstrekkelig nivå til å markere seg i 1.divisjon. Laget vann seriekampar mot Stod Volley 2 og KFUM Stavanger, heller ikkje resultatata i rankingturneringane var sterke nok til å unngå at laget endte på nedrykksplass. Laget fekk likevel tilbod om å halde fram i 1.divisjon grunna at andre lag trekte seg, men dette var ikkje aktuelt grunna for tynn spelarstall. Laget vil no bruke komande sesong i 2.divisjon til å utvikle seg vidare, i første del av sesongen 2014-2015 har laget etablert seg på øvre del av tabellen etter mellom anna 2.plass i rankingturnering. Treinar for laget har vore Eirik Sævareid og Robert Haugland.

2. divisjon damer

Etter sesongen 2012-2013 rykka laget opp til 2.divisjon. Spelarstallen 2013-2014 var aldersmessig ein blanding av unge og meir etablerte spelarar, ein del unge spelarar spelte kampar både for både 2. og 1.divisjonslaget. Likevel var det ein utfordring å ha tilstrekkelig mange spelarar mot slutten av sesongen. Laget spelte gjennom sesongen mange gode kampar, men samla endte laget likevel på 8.plass på rankingtabellen for 2.divisjon. Før sesongen 2014-2015 var det ikkje tilstrekkelig stor spelarstall til å ha to seniorlag, gruppa stiller difor eitt lag i 2.divisjon som då består av spelarar frå begge laga forrige sesong. Treinar for laget har vore Åge Bjørsvik

Jenter U15 - Sunde

Denne treningsgruppa vart starta hausten 2011 og hadde første året ei trening i veka, i Idrettshallen på Sunde. Guppa består av ca. 12 jenter der dei fleste er født i 1999. Gruppa har hatt ei flott utvikling og deltok i alle serieturningane sesongen 2013-2014, i fleire av turneringane har gruppa stilt to lag. Gruppa består av mange talentfulle spelarar og her er det mange som vil vera viktige for rekrutteringa til Volleyballgruppa framover. Treinarar : Linda Holmedal og Tonje Olsen Haga

Jenter U15 - Husnes

Denne treningsgruppa vart starta hausten 2012 og treinar to ganger i veka på Husnes. Gruppa består av ca. 12 spelarar og spelte sine første serieturningar våren 2013. Laget har hatt ei god utvikling og har vist ei fin stigning i både prestasjonar og resultat. Sesongen 2013-2014 deltok lage i alle serieturningane med fine resultat, i nokre av turneringane stilte gruppa og med to lag.

Treinar : Javier Araya

Jenter U13

Denne gruppa vart starta hausten 2013 og treinar to ganger i veka på Husnes. Laget spelte minivolleyball og har stilt opptil 5 lag i serieturningane sesongen 2013-2014. Laga har oppnådd svært gode resultat og her er det mange ungdomar som vil kunne markere seg sterkt på volleyballbanen i åra som kjem.

Treinar : Bjørg Eli Djuvslund Aasgard

Sandvolleyballturnering

Det vart ikkje arrangert sandvolleyballturnering sommaren 2014. Det er imidlertid ei klar målsetning både å forbetre baneforholda noko og at det blir arrangert turnering på Husnes sommaren 2015.

Framtidsutsikter

Trio har før sesongen 2014-2015 seniorlag for damer i 2.divisjon, i tillegg har gruppa eit godt antall lag i yngre årsklassar på jentesida.

Damelag i 2.divisjon samt god aktivitet i yngre årsklassar gjev eit godt fundament for framtida på damesida. På gutesida er det relativt få spelarar i aktivitet, dette krever at det blir

satsa målretta i åra som kjem for å sikre aktivitetsnivået og rekruttering til eige seniorlag i framtida.

Støtte frå sponsorar/samarbeidspartnarar har saman med div. dugnadsarbeid skapt nok inntekter til å gje grunnlag for satsinga ein no har. Gruppa har eit nøkternt kostnadsnivå der all trenarinnsetning er basert på frivillig arbeid, dei klart største kostnadene er relatert til reiser og deltaking i turneringar/seriespel.

For å kunne vidareutvikle gruppa er det sterkt ønskelig å knytte til seg meir ressursar, dette gjeld både på trenarsida samt til styre og andre funksjonar. Det er eit faktum at mykje arbeid no blir lagt ned av nokre få nøkkelpersonar, for å kunne skape eit grunnlag for langsiktig drift er det viktig at oppgåver kan verta fordelt på fleire personar.

Volleyballgruppa sin største utfordring framover vil vera nyrekruttering av spelarar. På jentesida har me ein del talentfulle ungdomar, men det bør klart fokuserast på å få fleire spelarar. På gutesida er rekrutteringa svak og det er eit stort behov for å kunne starte lag i yngre årsklasar for å på sikt igjen kunne stille seniorlag på herresida.

Me i volleyballgruppa håpar å kunne by spelarar, trenarar og andre støttespelarar på mykje moro også i 2015 og vidare. Me vil takka alle som har bidrege for Volleyballgruppa, både sponsorar, foreldre og andre som har bidrege på dugnad, samt publikum som møter trufast opp på heimekampane i Husneshallen.

Husnes, 13. mars 2015.

IL Trio Volleyball
Styret

Årsrapport Trio turn 2014

Trio turn har hatt eit aktivt år med 12 parti i gymsalane på Undarheim, Valen og Sunde. Med tilsaman 164 medlemmer, ein liten nedgang frå sist år som i hovudsak skuldast at me manglar instruktør til to parti på Undarheim.

Interessa for Turn er framleis stor og dei aller fleste partia vart fullteikna ganske så snart. Me skulle ynskja me kunne gi eit tilbod til alle som ynskjer det, men for at treningane skal bli gode må det vera eit max antall.

Dei fleste partia er fulle og vel så det. Nytt opptak vert i august 2015, då turngruppa føl skuleåret. Til neste år er forhåpentlegvis alt klart for at turngruppa tek påmeldinga via det nettbaserte systemet My soft, som er ei forgreining av "minidrett.no og sport admin" og som vil gjere medlemsregistreringa og betaling enklare. (sa det samme i fjor og, men no er me nærare...)

For andre året vart påmeldinga via mail. Det gjekk heldigvis svært mykje betre i år, enn året før.

Undarheim

Foreldre/born parti for dei aller minste, med Kirsti Sahaug som instruktør. Fokuset har vore sangleikar, og leikar, samt hinderløype.

Gymleik 4-5 år, med Kjersti Sund og Kjersti Veastad som instruktør.

Tumbling 5 – 7 klasse og 13 til 18 år, med Erlend Abelsen som hovudtrenar og Aleksander Vangen som hjelpetrenar. Turngruppa er svært glad for å ha Erlend tilbake! Han og Aleksander er eit godt team! Det yngste partiet fekk raskt lang venteliste, medan det er ledig plass på det eldste partiet

Valen

Foreldre/born partiet for dei aller minste –Cecilie Romslo med hjelperar.

Gymleik 4 – 5 år, med Wenche Anfinsen som hovudinstruktør

Turn 1 – 2 klasse, Anita Vågen hadde dette partiet fram til sommaren. Frå hausten av overtok Beathe I Høydal.

Turn 3 – 5 klasse, med Beathe I Høydal som hovudinstruktør.

Sunde

Foreldre/born partiet for dei aller minste –Trude Teigen starta opp med dette partiet, som eit nytt tilbod på Sunde.

Gymleik 4 – 5 år, med Trude Teigen som hovudinstruktør.

Idrettens grunnstige 1 – 2 klasse, og 3 – 5 klasse har fysioterapeut Anneli Rønstad som hovudinstruktør.

Juleavslutning

Laurdag 14.11.14 hadde turngruppa juleavslutning i Husneshallen, der 9 av gruppene viste litt av det som dei har jobba med i haust. For første gong var ikkje foreldre-born partia med oss. Bakgrunnen for dette er at borna er så små og dei har opplevd det som litt skummelt å vera med i den store hallen, med så mange folk. I tillegg såg me det naudsynt å redusere på tida arrangementet tok.

Som tidlegare år hadde me også i år trekking av gevinstar på juleavslutninga, og me hadde fått inn ein god del flotte gevinstar. Dette gav ein kjærkommen inntekt (45.759,- då er ikkje alle utlegg trekt i frå), som vil bli brukt til nytt utstyr og kursing av instruktørar. På grunn av lite loddsal i forkant, vart det mindre inntekt i år, enn tidlegare.

Arrangementet vart vellykka og det var nok folk å fordele arbeid til;-)

Økonomi

Saldo er kr 176.712

Rekneskapet vert gitt til Trio sin kasserar.

Styret

Turn styret 2014 har bestått av kasserar Linda Skjellevik, medlemmer Kjersti Veastad(som også er instruktør), Nina Thorkildsen og Beate S Røsland og leiar Anne Margrethe M Vangsnes. I tillegg er instruktørane aktive og bidrar i fht oppgåver knytt til bestilling av utstyr og førebuing til/gjennomføring av juleoppvisinga.

Styret har knytt til seg ein medlemsansvarleg, Daniel Haugland som har fått i oppgåve å få My soft(elektronisk medlemsdatabase) opp og gå, og klar til bruk ved påmelding august 2015. Turn gruppa er svært glad for å få han med på lag☺

Leiar Anne Margrethe M Vangsnes gir seg, og turngruppa har vore så heldige å ha fått Kjetil Haktorson som ny leiar. Turngruppa er særst nøgd med å få ein slik positiv kar som leiar og Anne Margrethe glad for å overlevera gruppa i trygge hender☺. I tillegg har Irene Fatland takka ja til å vera styremedlem. Velkommen til dei begge☺

Takk til Anita

Måndag 05.05.14 var ein sorgens dag for IL Trio turn! Då takka denne dama for seg, etter 30 år som instruktør!!

Turngruppa takkar Anita Borgen Vågen for ein formidabel innsats som instruktør i ein mannsalder. No må det seiast at Anita var svært ung når ho starta karriere som turn instruktør. Det er ikkje berre det at ho held seg godt, som ho jo og sjølv sagt gjer☺ Som 13 åring starta ho opp i gymsalen på Undarheim og sykla rundt med gettoblaster'en bakpå sykkelen. Å halde det gåande i alle desse åra står det stor respekt av!!!

Anita har vist oss kva det er som er viktige for å få til gode treningar! Eg har vore heldig å få gå i lære hjå Anita og vere vitne til hennar gode eigenskapar som trenar. Mykje av nøkkelen ligg i å ha det kjekt saman med ungane og vise glede og engasjement. I tillegg til å vera tydeleg, ha ein klar struktur på

timane og vera godt førebudd. Ros og oppmuntring gjenomsyrar timane, og ungane legg inn eit ekstra gir.

Sjølv om Anita takka for seg no, har me ikkje heilt gitt opp håpet om at ho kjem tilbake til turngruppa i ein eller anna form.

I denne omgang, sender me ei stor takk til Anita for ein kjempe innsats!



Anne Margrethe M Vangsnes

Trio turn

ÅRSMELDING friidrettsgruppa 2014

Følgjande har vore med i styret:

Nestleiar: Arne Torget (fungert som leiar)

Styremedlem: Dagfinn Jensen

Styremedlem: Reidar Jensen

Styremedlem: Gunnar Helland

Styremedlem: Roger Henriksen

Styremedlem: Tone Lise Henriksen

Trim og idrettsmerke: Årstein Eik, Ivar Vaage og Randi Knudsen

Aktivitet / stevner.

Aktiviteten har vore stor, då me fekk nytt flott oppgradert anlegg, og gaver til innkjøp av utstyr.

Vi har arrangert Sunnhordlandsmeisterskap i juli, opningsstevne og Kvinnheradsmeisterskap i september.

Vi arrangerte 5 kveldar med Dnb idrettsleker med 60 påmeldte born i alderen 6-12 år i august/september.

På vårparten arrangerte vi løpskarusell med 4 løp i samarbeid med Uskedalen og Herøysundet. Siste løpet vart avvikla som Kvinnheradsmeisterskap 8. mai på Husnes.

Etter Dnb idrettsleker var det trening kvar onsdag i samarbeid med Herøysund. Løpsgjengen har hatt fellestreningar kvar søndag og onsdag.

På dommarkurs i haust fekk vi 9 nye friidrettsdommararar.

Målsetjing:

No har vi planlagt aktivitet med ny løpskarusell, Triostafett og Opsangervatnet rundt. Gruppa må byggjast frå botnen av der vi inviterer fleire inn til friidrettsaktivitet.

Midlar frå Sparebank1 stiftinga:

Trio vart tildelt 160.000,- til friidrettsutstyr i 2014..

Frå Kvinnherad Energi fekk vi 50.000 til utstyr etter søknad i mai.

Frå Tjerand sin 80 årsdag kom det inn vel 30.000 til friidrett.

Deltaking:

Erlend Nymark Jensen har hatt ein god sesong, og har representert Trio på ein framifrå måte, og har etablert seg som ein god løpar. Her er Erlend sine resultat for 2014:

6.des Maraton – 2.52.13

15.okt Halvmaraton – 1.15.46 – 2.plass

5.okt Kvinnheradløpet – 18.56 – 1.plass

21.sept Fanamila – 34.52 – 8.plass

14.sept Søralløpet – 19.17 – 2.plass

16.juni 5km Sommarkarusell – 16.59 – 3.plass

11.juni Bruløpet på Stord – 1.17.27 – 2.plass

10.mai Postvegløpet – 1.20.47 – 2.plass

31.mars 5km vinterkarusell – 16.57 – 1.plass

Status:

Vi har stor optimisme og satsar på å få friidretten opp og fram i 2014. Vi jobbar godt, og får fleire og fleire med oss på laget!

Med helsing

IL Trio Friidrettsgruppa

Styret

ÅRSMELDING FOR TRIO HUSSTYRET 2014-2015

Husstyret har dette året bestått av :

Runar Blokhus, Line Valstad, Ordin Johnsen og Ingunn Onarheim og Hilde Enstad.
2 av styret måtte dessverre trekka seg og Beathe Røssland kom inn i staden for.

Til tross for at vi har vore få aktive personar i styret så har vi klart å oppretthalda aktiviteten på huset. Vi starta våren 2014 med dugnad utanfor huset der vi fekk laga plen på oppsida. Det var luka i blomebedda og rydda litt i område rundt huset.

Husstyret hadde ansvar for kiosksalget då friidrettsgruppa hadde stevne 27.9-14 som gav eit greit overskudd, samstundes som vi fekk seld lodd der til den årlege triobasaren. Den var tradisjonen tru avhalden 28.9-14 og det kom godt med folk men vi fekk inn noko mindre pengar enn i fjor.

Pensjonistfesten vart arrangert i april med snittar, åresal og underhaldning ved Arne Torget. Det kom i underkant av 40 personar.

Utleige av huset har gått sin gang. Det som var ekstra kjekt i år var at NAV Hordaland kom inn og ville leiga huset i 6 veker og det fekk vi inn ein god slump med pengar for.

Sidan vi har vore få og "travle" folk som har hatt ansvar for utleige har vi ved eit par høve fått tilbakemelding på at t.d golvet ikkje har vore skikkelig reint når det har vore leigd ut og ein gong var t.d ikkje bestikket skikkelig vaska. Dette tar vi i styret til etterretning og skal sjå om vi kan endra rutinane for å unngå at skjer. Men vi set stor pris på at huset blir brukt. Golvet i storsalen er slitt og gjer at det er vanskeleg å vaska og få det til å sjå reint ut. Styret har som mål å få det bona i løpet av 2015.

Ellers har garderobeanlegget blitt ferdigstillt og resultatet har blitt veldig bra. All ros til dei som har stått i bresjen for detta!

Det har og vore tilsyn på det elektriske anlegget. Det må gjerast nokre utbetringar, men det er ingen alvorlege feil. Arbeidet med utbetring er i gang.


For styret

Runar Blokhus og Line Øynes Valstad

Årsmelding www.il-trio.no

IL Trio si nettside rundar i desse dagar 10 år. Den vart oppretta våren 2005 og sidan den gong er det posta vel 4400 nyhendesaker. Altså i snitt 440 artiklar pr år, noko som tilsvarer god over 1 pr dag. Oppstarten var sped, men etter kvart var det ei veldig levande side, i hovudsak takka vera bidrag frå fotballgruppa. Underteikna har vore administrator for nettsida sidan oppstarten, men vi har aldri hatt noko journalist-ressursar tilknytta sida. Men det er mange bidragsytarar i form av trenarar og lagleiarar for dei ulike laga og hovudinnhaldet på sida er rapportar og referat frå fotballaktivitetene. I tillegg er det også eit rammeverk med faste sider for kvart lag, der ein samlar terminlister, treningstider og stoff om laga. I året 2014 vart det posta om lag 450 saker totalt, noko som har vore stabilt dei siste åra.

Besøksstatistikken har gått noko ned dei siste åra, men framleis er ein over 100.000 besøk i løpet av 2014. Det tilsvarar i underkant av 300 besøk pr dag. Dette varierer mykje gjennom året. Betydeleg lågare i månadar utanom fotballeksonen, og typisk oppimot 400 i snitt i kampsesong. Det siste halvanna året har vi også hatt ei støtteside på Facebook, som fungerer som reklame for nettsida. I tillegg blir denne også i stor grad brukt til liveoppdatering av kampar og cupar i både senior- og ungdomsavdeling.



11/03-15,
Are Ulseth
Nettansvarleg IL Trio



Anleggskomitèen I.L. Trio

Anleggskomitèen i idrettslaget Trio ønskjer å retta ei stor takk til alle støttespelarane i arbeidet med å rehabilitera Husnes stadion, ny turveg og lys i turvegen.

Anlegget er på det næraste ferdigstilt og det er blitt eit flott anlegg med svært gode eigenskapar og gledeleg stor bruk.

Det blei ein lang prosess frå Tjerand Lunde lanserte idèen om fast dekke på friidrettsstadion, etter at Kvednabekkjen kunstgrasbane stod ferdig i 2006, til anlegga stod ferdig sommaren 2014, ja, det tok 8 år. TTT (ting-tek-tid!)

Etter omarbeiding av prosjektet auka kostnadane monaleg frå vel 11 millionar til 16,1 millionar kroner. Kvinnherad kommune har delteke med 5,7 millionar kroner (2,8 mill. netto), kompensasjonsmildar med 3,15 millionar, Sparebank 1 stiftinga Kvinnherad med 900.000 kroner og Gjensidigestiftinga med 500.000,- kroner. I tillegg har ei rekkje verksemdar og privatpersonar ytt større og mindre tilskot, både i form av kontantar, varer og tenester. Spelmidlane er kalkulert til 4,15 millionar kroner. Trio har ytt 4,65 millionar kroner i kontantar, inkl. kompensasjonsmidlane.

I utarbeidinga av ny prosjektbeskrivelse endra utforminga av anlegget seg vesentleg og det vart lagt opp til høgare finish i tillegg til at ny turveg og lys i turvegen vart innarbeida.

Det måtte nye vedtak til i klubben og det måtte nye politisk vedtak på plass. Vi kom i mål med begge deler. Anleggsstart var 19. august 2013. Toppdekket var verdigmerka 20. juni 2014, og anlegget var klart til bruk.

Heile anlegget har fått ny effektiv drenering, noko som viser godt igjen på grasmatta.

Montering av gjerde på ringmuren rundt banen var eit stort løft. Om lag 1000 dugnadstimar gjekk med på denne jobben også. Den store dugnadsinnsatsen med montering av gjerde står det respekt av. Om lag 70 personar er registrert på dugnaslistene her.

Rydding av turvegtrasè, førebuingararbeid, møteverksemd og mindre dugnadsjobbar representerer også om lag 1000 dugnadstimar. Det vil seia at klubben har arbeida 3000 dugnadstimar for å få realisert det flotte anlegget me kan visa fram i dag.

Me takka den politiske leiinga for å ha vore løysningsorientert og positive når utfordringane har dukka opp.

Den enorme dugnadsinnsatsen frå Trio-medlemane var heilt avgjerande for realisering av prosjektet. Denne innsatsen representerer kr 1.690.100,- i sluttrekneskapen (ikkje slutthandsama politisk). Etter bygginga av Triohuset, er arbeidet med rehabilitering av Husnes stadion, bygging av turveg og lys i turvegen, den største dugnadsinnsatsen i laget si historie, inkludert det store løftet det var å byggja Kvednabekkjen.

Utanom dei tre formelle prosjekta, har me og bygd ny tribune med tribunestolar frå Haugesund stadion. Her er det lagt ned ganske nøyaktig 1000 dugnadstimar. Desse timane er brukt til demontering og transport av stolane frå Haugesund. Bygging av ein heilt ny tribune og montering av stolar på tribunane på kvar side av Tribunehuset. Samla er det 638 sitjeplasser. Om lag 70 stolar står at å monterast. Desse er tinga frå England og vil bli monterte før sesongstart 2015. Kvinnherad kommune har kosta materialane til den nye tribunen på vestsida av Tribunehuset. Dei har og kosta mykje forbruksmateriell.

Me vil retta stor takk til Ivar Kåre Døssland ved Tekniske tenester i Kvinnherad kommune for det gode samarbeidet og den store velviljen han har vis for at anlegget skulle få den fine ramma me ser i dag. Me vil og gje ros til Dimmelsvik Entreprenør for det gode samarbeidet.

Anleggskomiteèn ønskjer å retta eit stor takk til alle som har delteke på dugnadane, dette kan me vera stolte av!!

Ny kunstgrasbane

I november 2009 gjorde årsmøte i i.l. Trio fotball vedtak om å søkja Kvinnherad kommune om å få rehabilitera deler av grusbanen og leggja kunstgras. Det er positiv innstilling til dette frå politisk og administrativt hald i kommunen. Trio må ta fatt på dette arbeidet når den nye områdeplanen for skule-, helse- og idrettsområdet på Husnes blir vedteken, truleg i april 2015.

Planane frå 2009 beskrive ein 7ar-bane, men planane bør omarbeidast til 9ar-bane. Denne banen er tenkt nytta til skulane og barnehagane på dagtid.

Ny kunstgrasbane på grusbanen er kostnadsrekna til vel 2 millionar kroner. Denne summen vil venteleg stiga noko med auke av speleflata.

Områdeplan

Det blir arbeidd med ein ny områdeplan for skule-, idretts- og helseområdet på Husnes. Planen skal sikra areal til framtidig trong for areal til desse tenesteområda. Trio har vore aktiv pådrivar og for å halda liv i framdrifta av planarbeidet. Trio har og teke initiativ til fleesemøte med alle brukarane av området, skular, barnehagar, helsedelen og andre. Det har ved to høve vore sendt fellesuttale frå brukarane med merknader til planarbeidet.

Ny kafeteria,utstysrom og garasje

Det har i lengre tid vore tankar om å få til eit eige bygg på grusbanen. Dette er tenkt å hysa kafeteria, utstysrom og garasje for traktor og anna utstyr. I desember fekk Trio tilslag på ein brakkerigg hos Sørø som Kvinnherad kommune har gitt midlertidigløyve til å plassera på grusbanen. Endeleg plassering og evt. tilkopling av straum, vatn og avløp må avklarast når områdeplanen er vedteken.

Det er kjøpt inn ein kontorbrakke frå Hydro Husnes As til dette føremålet. Målet er å få plassert denne i løpet av dette året.

Deltaking på møte:

Anleggskomiteèn har delteke på ulike møte med Kvinnherad kommune både om planarbied og om praktiske oppgåver vedk. rehabilitering av stadion.

Anleggskomiteèn har elles hatt eit svært travelt år med rehabiliteringa av Husnes stadion, turveg og lys i turveg. Det har vore halde nærare 20 møte og det har vore ei rekkje uformelle samlingar og samtalar i tillegg mellom komitèmedlemene, med byggjeleiar, entreprenør og andre involverte aktørar.

Anleggskomiteèn:

I anleggskomiteèn har desse vore med i planleggingsfasen: Tjerand Lunde, Otto Kolaas, Roald Teigen, Oddmund Røssland, Arne Torget, Dagfinn Jensen, Egil Jacobsen, Jan B. Ingvaldsen, Knut Røyrvik og Svein Røyrvik. Desse har ikkje vore engasjert i det praktiske utbyggingsarbeidet.

Roald Teigen, Otto Kolaas, Oddmund Røssland og Svein Røyrvik har vore Trio sine medlemmer i byggjekomiteèn og kontaktar med Kvinnherad kommune og entreprenør og underleverandørar.

OnsdagsGjengen

Onsdag 12. november 2014 var første treffet for den nystarta dugnadsgruppa. Dei møter på Trioloftet kvar onsdag kl 10-13 og tek del i ymse dugnadsoppgåver når vør og oppgåvene er til stades i rett tid. Det møter mellom 10 og 15 personar kvar gong.

OnsdagsGjengen har teke tak i å utarbeida planar, kostnadskalkyle og finansieringsplan for ny garasje ved Triohuset. Garasjen skal frigjera lagerplass i Triohuset, hysa garasje til buss (bussar?), traktor og utstyr til stadion og anna. Det kan bli aktuelt med utleiige til Kvinnherad kommune. Garasjen er tenk å ha ei flate på inntil 10 x 16 meter.

Byggern Teigen skal riva det gamel S-laget i Rosendal. 2. etasjen her har betongelement til vegger, limtredragarar, ståltak, isolasjon og papp. Me vil truleg kunna få alt dette gratis. Avklaring på dette vil me få i siste halvdel av mars 2015.

I tilfelle me lukkast å få desse byggjematerialane, ventar nye tøffe dugnadstak i løpet av våren og sommaren.

Vedlegg til årsmeldinga:

- Bildekavalkade rehabilitering Husnes stadion, før og under
- Bildekavalkade rehabilitering Husnes stadion, etter
- sluttrekneskap rehabilitering Husnes stadion, bygging turveg og lys i turveg (ikkje politisk handsama!).
- kostnads- og finansieringsplan ny garasje ved Triohuset

Husnes, 10. mars 2015

Svein Røyrvik (s.)
leiar anleggskomiteèn

1

Husnes stadion med klabben raudstubb og nedbør. Lite innbydande til fysisk aktivitet. Merk: Berre tribune på eine sida av Tribunehuset, utan klappsete



2

Dugnadsarbeidet er i gang. Her med å skjera ned gjerde for å sleppa anleggsmaskinane til.



3

Offisiell anleggstart 19. august 2013. Veteran og Trio-leiar i 36 år, Tjerand Lunde (raud genser) starta gravinga.



4

Anleggsarbeidet går greit unna ein måned etter anleggsstart. Litt fjell, men ikkje meir enn kalkulert.



5

Om lag 3000 m3 gode massar er grovne ut og deponert til bruk i ny turveg i Husnes idrettspark.



6

Husnes idrettspark er eit fantastisk anlegg med kort veg til skog, ås, sjø og tare, fjell og vatn! Ny turveg markert med kvitt.



7

Aktiviteten på det nye anlegget, inkl. turvegen, er stor, - større enn me trudde den skulle bli, både frå barnehagane, skulane, idretten og bygdefolket



8

Ny tribune med klappsete på begge sider av Tribunehuset. Setene har me fått og henta på Haugesund stadion. Dette er ikkje med i prosjektet. 1000 dugnadstimar har gitt 638 sitjeplassar



9

Husnes stadion omkrinsa av 3 skular, 2 barnehagar, Husnestunet med mange helsetenester. 1000 elevar og 500 medarbeidarar soknar til området på dagtid (t.h.). Dei 860 medlemmane våre tek over etter skuletid




10

Turvegen rundt anlegget har fått velfungerande lysanlegg. Her er dugnadsgjengen i arbeid med ei av dei 39 lysmastene med LEDlys. Me byggje "dyrt" og skal drifra billeg! (Sandhaugen låg bak her (bilete 5))



11

1000 dugnadstimar har gått med på montering av det nye gjerdet rundt banen. Eit møysameleg arbeid gav eit fantastisk resultat. Gjerdet kosta i underkant av 500 tusen kroner



12

Nye stavhoppmatter og -stativ blir monterte. Det skal endå kjøpast inn ein del utstyr, både til friidretten og fotballen, pluss ymse maskinar og slåttestyr



KtoNr	KontoNavn	KontoSum	Regn.lfjor
RESULTATREGNSKAP			
DriftsInntekter			
3000	Medlemskontingent	244 700,00	283 003,86
3001	Salg/provisjonsinntekt	41 055,00	0,00
3002	Pantekasse	0,00	8 541,00
3010	Annonse i program	12 100,00	38 981,00
3020	Skilt på stadion	0,00	123 000,00
3030	Treningsavgift	69 620,00	4 100,00
3040	Reklame genser - drakter	16 300,00	86 000,00
3050	Utleie av Kvednabekkjen	0,00	40 000,00
3200	Tilskudd fra Norges Idrettsforbund	194 394,00	211 513,00
3250	Tilskudd fra kommune	153 500,00	87 700,00
3260	Momskompensasjon	124 346,00	0,00
3320	Stevneinntekter egne arrangementer	51 213,00	22 890,00
3401	Annen støtte	265 500,00	184 500,00
3402	Fester/møter	30 691,00	40 613,00
3405	Egne lotterier	123 711,50	123 359,00
3408	Scoringsklubben	0,00	34 430,00
3409	Utført dugnad	99 281,00	170 925,67
3410	Eigenandel på kampar	8 400,00	26 890,00
3430	Grasrot	289 558,45	280 805,37
3440	Grasrot utbetalt til lag	-144 779,00	-139 427,00
3470	Cupar	522 102,00	54 950,00
3480	Tine Fotballskule	73 150,00	47 725,00
3500	Salg kiosk	31 410,00	118 484,00
3502	Sal bilettar	0,00	21 800,00
3600	Leieinntekter	35 200,00	43 900,00
3700	Andre driftsinntekter	68 873,30	204 130,65
3702	Andre gaver	-310,00	7 016,60
3703	Diverse inntekter	0,00	222 570,51
	Sum DriftsInntekter	<u>2 310 016,25</u>	<u>2 348 401,66</u>
DriftsKostnader			
4000	Deltagelse i andres stevner	0,00	-51 403,00
5000	Lønn/honorarer	-210 049,80	-191 461,72
5400	Arbeidsgiveravgift	-5 088,00	0,00
5900	Kurs/studieringer	-37 708,00	0,00
6010	Ordinære avskrivninger	-41 837,00	-29 125,00
6301	Leige av husneshallen	-6 000,00	-17 035,00
6350	Strøm Triohuset	-74 424,37	-73 830,17
6360	Telefon/breiband Triohuset	-1 173,75	0,00
6370	Renovasjon/vatn/kommunale avg	-18 308,30	-12 545,60
6500	Maskiner og utstyr	-370 165,41	-386 584,00
6520	Straum Kvednabekkjen	-37 932,00	-40 289,65
6540	Vedlikehald kunstgress	-12 500,00	-16 495,35
6550	Vedlikehold	-421 616,00	-12 986,90
6700	Kontingentutgifter	-41 783,40	-58 630,00
6710	Norges fotballforb. div. utgifter	-47 500,00	-8 700,00
6800	Kontorrekvisita -	-6 122,00	-4 804,00
6801	Trykking, kopiering, brosjyrer	-5 075,00	0,00
6803	Småanskaffelser	-199,00	-20 439,46
6806	Regnskap/lønnsarbeid	-15 524,00	-18 019,00
6808	Diverse utgifter	-113 831,42	-31 715,13
6809	Diverse utgifter	-830,00	-45 030,00
6810	Deltaking cupar	-101 633,81	0,00
6820	Baneleie til Kvinnherad Kommune	0,00	-27 200,00
6830	Husnes cup - utgifter	-163 902,42	0,00
6900	Telefon, mobiltf, fax	-8 016,28	-12 756,50
6901	Porto	-716,00	-2 067,00

KtoNr	KontoNavn	KontoSum	Regn.lfjor
6910	Premier etc..	-36 885,00	-30 193,00
7010	Materiell og utstyr	-344 986,88	-232 788,62
7020	Skadekostnader	-2 500,00	-1 000,00
7080	Dommarutgifter	-78 006,20	-113 562,50
7100	Reiseutgifter	-238 838,27	-339 261,28
7210	Kontingenter/avgifter til idr org..	-37 110,00	-103 382,00
7250	Stevnekostnader egne arrangement	-16 802,50	-18 047,32
7300	Reklame og annonser	-14 645,11	-19 046,47
7301	Møter, tilstelninger	-29 862,21	-4 251,33
7400	Lotteriutgifter (egne)	0,00	-7 715,00
7402	Utført dugnad av Trio lag	-2 200,00	17 668,08
7500	Utgifter kiosksalg	-69 062,24	-68 806,17
7550	Forsikringer	-62 483,00	-50 483,00
7600	Bevilgninger/gaver	-58 657,00	-12 528,00
7610	Premiar/statuetter	-15 157,50	-6 514,25
7710	Kursdeltakelse	-6 482,00	-33 795,00
7790	Diverse driftsutgifter	-10 955,00	-70 640,95
7800	Vekslepenger uttak	-10 100,00	-6 500,00
	Sum DriftsKostnader	<u>-2 776 668,87</u>	<u>-2 161 964,29</u>
DRIFTSRESULTAT		<u>-466 652,62</u>	<u>186 437,37</u>
Finansposter			
8040	Renteinntekter	88 704,32	80 135,48
8140	Renteutgifter og gebyrer	-6 223,91	-749,00
	Sum Finansposter	<u>82 480,41</u>	<u>79 386,48</u>
RESULTAT FØR SKATTER		<u>-384 172,21</u>	<u>265 823,85</u>
Årsoppgjørs disp, skatt			
	Sum Årsoppgjørs disp, skatt	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>
ÅRSRESULTAT		<u>-384 172,21</u>	<u>265 823,85</u>

KtoNr	KontoNavn	KontoSum	Regn.lfjor
EIENDELER			
Anleggsmidler			
1100	Kunstgrasbane	4 471 079,00	4 471 079,00
1120	Triohuset	1 398 579,00	1 427 121,00
1250	Utstyr/inventar symjegruppa	0,00	13 295,00
	Sum Anleggsmidler	<u>5 869 658,00</u>	<u>5 911 495,00</u>
Omløpsmidler			
1500	Kunder, debitorer	106 250,00	15 000,00
1600	Lån til hovudlaget	5 050,00	5 050,00
1910	3460 20 03959 Hovedlag	589 639,48	538 110,73
1911	346011 07513 Skattetrekk	2 736,00	2 736,00
1915	Turn 3460 20 80066	176 312,23	162 889,64
1925	7285 20 24160 Symjegruppa	47 873,86	60 396,39
1930	Volleyball 3460 07 6345	40 620,61	83 333,51
1935	Volleyball 3460 07 53039	33 453,03	40 499,61
1940	Bank 3460.10.12083 - Bane	2 127,00	2 127,00
1950	Kapitalkonto Triohuset	105 690,00	344 305,00
1960	Driftskonto Triohuset	41 221,14	10 979,36
1970	3520.60.02873 - Husnes cup	57 592,64	218 771,51
1980	3520.59.83552 - Driftskonto Sp.Vest	3 450,04	326 903,00
1985	3520.61.99138 - Sparek. fotballgruppa	804 724,27	565 676,76
1995	3520.59.96018 - Særvilkår	1 788 148,92	1 735 445,92
	Sum Omløpsmidler	<u>3 804 889,22</u>	<u>4 112 224,43</u>
SUM EIENDELER		<u>9 674 547,22</u>	<u>10 023 719,43</u>
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
2000	Egenkapital fotballgruppa	9 993 719,43	9 993 719,43
2099	Årsresultat (Opptjent egenkapital)	-384 172,21	0,00
	Sum Egenkapital	<u>9 609 547,22</u>	<u>9 993 719,43</u>
Kortsiktig Gjeld			
2400	Leverandør, kreditorer	65 000,00	30 000,00
	Sum Kortsiktig Gjeld	<u>65 000,00</u>	<u>30 000,00</u>
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		<u>9 674 547,22</u>	<u>10 023 719,43</u>